



Hardangerrådet



Hardanger

Møtebok frå Hardingtinget.

Fredag 13.02.2015

Klokka: 09.00 – 14.00

Meieriet Kulturhus, Odda

Frammøte

Hardingtinget: 40 formannskapsmedlemmer frå Hardangerkommunane,

Andre: 3 kommunalt tilsette, 6 innleiarar, representant frå Fylkesmannen, prosjektleiar Flytt til Hardanger samt styreleiar, konsulent og dagleg leiar i Hardangerrådet iks.

Agenda:

Klokka	08.30	Registrering
Klokka	09.00	Opning ved Rådsordførar John Opdal
Klokka	09.10	Distriktssenteret si rolle i Kommunereforma ved seniorrådgjevar Trude Risnes.
Klokka	09.40	Kommunenes Sentralforbund si rolle i Kommunereforma ved Rådgjevar Stig Bang-Andersen
Klokka	10.10	Pause
Klokka	10.30	Økonomiske rammer for Kraftkommunane ved samanslåing ved LVK styreleiar Torfinn Opheim.
Klokka	11.00	Fjellrettane i kommunereforma ved dagleg leiar Jan Borgnes i Norges Fjellstyresamband
Klokka	11.30	Rapport Hardanger 2014 ved dagleg leiar Hardangerrådet iks Leiv Vambheim
Klokka	12.00	Lunsj
Klokka	12.45	Hardangerutgreiingane i kommunereforma ved prosjektleirane Joakim Øren og Bjørnar Dagstad
Klokka	13.15	Gruppearbeid med innspel til prosessen i Hardanger om informasjon og involvering.
Klokka	14.00	Møteslutt.

Opning: Kulturinnslag ved Odda Kulturskule

- Velkomen v/ møteleiar Rådsordførar John Opdal
- Opprop og gjennomgang av dagsorden ved dagleg leiar Leiv Vambheim.

HT sak 01/15 Orienteringar om Kommunereforma

a. Distriktssenteret si rolle i Kommunereforma.

Seniorrådgjevar Trude Risnes orienterte. Sjå presentasjonen www.hardangerraadet.no

- Distriktssenteret har mandat frå KMD om å bistå KMD og Fylkesmennene i prosessen.
- Distriktssenteret deltek i Ekspertutvalet, nettverk oi ressursgrupper.
- Distriktssenteret har fokus på Kunnskapinnsamling/-støtte og Demokrati/Samfunnsutvikling.
- Distriktssenteret har etablert ein verktøyklasse til bruk i prosessen.

b. Kommunenes Sentralforbund si rolle i Kommunereforma

Rådgjevar Stig Bang-Andersen orienterte. Sjå presentasjonen www.hardangerraadet.no

- KS sitt Landsting har peika på KS sine krav om prosess, oppgåver og rammer før kommunesamanslåing og viste til det kommunale utgreiingsansvaret.
- KS kan vera prosessveiledning lokale prosessar i samarbeid med Fylkesmennene.
- KS vil fokusera på tenestene til innbyggjarane frå offentleg sektor i samnad med ansvarsfordelinga og legg vekt på stikkorda: Ambisjon, Premiss, Verktøy, Hensikt og peika på sine utgreiingar.
- KS er oppteken av arbeidsgjevarpolitiske spørsmål og digitale konsekvensar i prosessen.

- KS spør om kva vil skje med konglomeratet av stats- og styringsordningane i Noreg i samband med kommunereforma?
- KS tilbyr kommunane ei 5 trinns-samling for å byggja ein ny kommune.

c. Økonomiske rammer for Kraftkommunane ved samanslåing

LVK styreleiar Torfinn Opheim orienterte. Sjå presentasjonen www.hardangerraadet.no

- LVK ivaretek vertskommunane sine interesser i vasskraftutbygging for 173 kommunar i 17 fylke.
- LVK er nøytral, men opptatt av kommunereforma. Ingen har utgreidd kraftinntektene sin betydning som del av reformarbeidet. -> Kunnskapsgrunnlag er avgjerande for konklusjonane. Både lovheimla og avtalefesta rettar må gjennomgåast.
- LVK utgreier «Kommunereforma og Kraftinntekter» i delrapportar.
- Makstak-ordninga er styrande for kommuneinntektene.

d. Fjellrettane i kommunereforma.

Dagleg leiar Jan Borgnes i Norges Fjellstyresamband orienterte. Sjå presentasjonen www.hardangerraadet.no

- Fjellstyresambandet har 94 fjellstyre, 100 pers/60 årsverk, 27 mill daa å forvalta.
- Fjellstyresambandet viser ulike bruksrettar som skal forvaltast i ei kommunesamanslåing.
- Fjellstyresambandet ber regjeringa avklara spørsmål om forvaltning av statsalmanningsrettane før samanslåingar.

e. Hardangerutgreiingane i kommunereforma.

Prosjektleiarane Joakim Øren og Bjørnar Dagstad orienterte. Sjå presentasjonen www.hardangerraadet.no

- Det er 3 administrative utgreiingar under arbeid: 1 Hardanger Nord og 2 Hardanger Sør (samla). Dei er begge frikjøpt i 40 % stilling.
- Utgreiingane skal vera samanliknbare og ha same tidsløp.
- Merk skilnad mellom administrativ utgreiing og politiske intensjonsplan/viljesfråsegn.
- Økonomiske verkemiddel slå ulikt ut for dei 3 alternativa.
- Etter informasjonsheiting og møteverksemd vil det bli presentasjon i kommune-/heradsstyra juni 2015.
- Sjå <http://www.kommunereform.no> og <http://www.nykommune.no>

Rådsordførar takka innleiarane for god og nyttig informasjon, fakta, refleksjon og materiell å ta med seg vidare i kommuneprosessen i Hardanger.

HT sak 02/15 Drøftingar om Kommunereforma i Hardanger.

Grunna sterkt engasjement frå medlemmene i Hardingtinget var programpostane «Rapport Hardanger 2014» og «Gruppearbeid» tekne ut til fordel for fri drøfting og meningsutveksling.

Hovuddelen av drøftingane gjekk til spørsmålet om å ta opp ei utgreiing om Hardanger som ein kommune. Det er ønskjeleg å få fram fakta om kva ein slik kommune kan gje innbyggjarane av tenester og kva begrensingar ein vil møta. Det kom fram ønskje om at Hardanger først bør tenkja vidt og stort om ny kommunestruktur i Hardanger, før ein snevrar inn til mindre ulike alternativ.

Konklusjonane frå drøftingane: Dersom det kjem fram initiativ frå ein eller fleire av kommunane i Hardanger om utgreiing av **ein** Hardangerkommune, så vil dette verta teke opp og vurdert i kommune-/heradsstyra.

Avslutningsvis takka Rådsordføraren for møtet og engasjementet i Hardingtinget 2015.

Leiv Vambheim
Møtebokskrivar